



NR. 9


DESEMBER 1982

15. ÅRG.



GOD JUL!

JULEFESTANE



INDRE ARNA:

Familiefest

Måndag 27. desember kl. 17.00:
Familiejulefest Indre Arna
Søndagsskule og «Barnerøster».
Laurdag 8. januar kl. 18.00:
Familiejulefest.

UNNELAND:

Julefest

3. juledag skipar Unneland Indremisjon til den årlege julefesten på bedehuset kl. 20.00. Talc ved Gottfred Eriksen.

2

LONE: Sundagsskulefest Julefest

Måndag 27. desember kl. 15.30
vert det sundagsskulefest i bedehuset. Kjell Mjelstad vert med.
Tysdag 28. desember har Betania ungdomsforening julefest kl. 19.30 i bedehuset. Talar Ole Abel Sveen.

TUNES: Familiefest

Familiefest på Tunes bedehus søndag 19. desember kl. 19.00.

YTRE ARNA:

Sundagsskulefest

Onsdag 29. desember vert det søndagsskulefest på bedehuset kl. 17.00.

Julefest

Laurdag 8. januar skipar Ytre Arna Indremisjon til julefest i bedehuset kl. 18.00.

Julefest for eldre


Sundag 9. januar kl. 16.00. Julefest for eldre i Ytre Arna bedehus. Ytre Arna Sanitetsforening og Søknerådet innbyd, og alle eldre er velkomne. Treng nokon skyss, kan ein ringja tlf. 24 35 25 eller 24 23 03.

HAUGLAND:

Julefest

Laurdag 8. januar innbyr Haugland Indremisjon til julefest i bedehuset kl. 19.00.

Er du redd for framtida?



tegnet av
Anne-kristin
7.2 år

I dag kan vi lese og høyre mange skræmmande ting om framtida — atomtrussel, forureining, arbeidsløyse for å nemne noko. Det verste er at unge, ja til og med born har mista trua på at dei får ei framtid. Menneskeleg sett ser det vonlaust ut. Det har det gjort før og i menneska si søge. Og mange lever under umenneskelege kår i dag og. Det skulle vi vete som lever i ei mediatid der vi får nauda heilt inn i stovene våre.

Kva er det som gjer at vi som har det så godt på alle vis likevel er utan von og ser mørkt på framtida? Har vi mista «himmelen» over livet? Ser vi berre ned og gløymer å sjå opp? Kven skal vi sjå opp til? Mange seier det fins ingen Gud. Og om han fins, må det vere ein Gud som ikkje bryr seg om all naud i verda.

Stans litt og la oss lytte til ordet i Jeremia 29,11: *For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, tankar til fred og ikkje til ulukka. Eg vil gje dykk framtid og von.*

Desse orda er skrivne til Israel i fangenskap. Du kor trøysta dei måtte bli av å høyre desse orda! Det var framtid og von!

Desse orda trur eg Gud vil seie til alle menneske i dag og — kvar vi er og korleis vi har det. Du som er råka av sjukdom, ulukke eller andre vanskar. Du som er redd for mange ting. Snakk med Gud om det! Og du som ikkje veit kvifor du er nedfor og nedtrykt. Vend deg til Herren! Tru ordet hans — og han gjev deg ny von og kraft!

Men det er ikkje berre for dette livet Gud gjev oss framtid og von. Vi har fått ei levande von ved at Jesus Kristus har dødd for syndene våre og stått opp frå dei døde, som det står i 1. Pet. 1,3.

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde».

Dette ordet lydte ved dåpen, det lyder ved grava — og i tida mellom vil Gud hjelpe dag for dag.

*Sjå opp med von til den veisignade Guds son!
Han hjelper fram og aldri gjer di von til skam.*

Når fast du held hans ord står fast som fjell.

(Nynorsk salmebok 160, v. 4)

Ingrid Håøy

3

Arne Fabrikker har gjeve Kyrkjeklokke til Takvam kapell



Frå v.: Monrad Ulvesether, Haldor Romslo og Trygve Herland ved Takvam kapell.

Sundag 7. november i år tok ein i bruk ei ny kyrkjeklokke i Takvam kapell. På festen etter gudstenesta i Tunes bedehus, vart gåvebrevet frå Arne Fabrikker opplese og overlevert av Frank Olsen. Saman med Trygve Selbak var han representant frå fabrikk, og han gav eit interessant oversyn over klokka si historie.

Og den historia er i høg grad særmerkt for ei kyrkjeklokke. Klokka er laga i 1842, og har denne teksten innstøyp:

«Af J.H.Krohn er denne klokke bekostet. Omstøbet til Sæbø kirke anno 1842, og den er støbt af Sundt i Bergen».

Sæbø kyrkje var på den tid i privat eige — slik mange andre kyrkjer var det då — og det er eigaren sitt namn som står på klokka.

I ca. 40 år var klokka i Sæbø kyrkje. Då den gamle kyrkja der vart riven rundt 1880, vart det ikkje bruk for klokka i den nye Sæbø kyrkje.

I staden vart ho seld på auksjon, og vart då kjøpt til fabrikk i Ytre Arna. I vel 50 år vart ho brukt til å kalla til arbeid og pausar til ho i 1930-åra vart avløyst av ei sirene. Mange i Ytre Arna er såleis velkjende med klokka derfrå.

I mange år har no klokka ikkje vore i bruk. Det er i høg grad

Frank Olsen si fortjeneste at klokka i dag eksisterar. Fleire gonger har det vore på tale å få henne bort, men han har teke vare på henne.

Nemnda for Takvam kapell arbeider no med planar om å utvida kapellet slik at det kan verta høveleg å ha gudstenester og gravferder der utan å risikera at folk må stå ute. Då dei vende seg til Arne Fabrikker med spørsmål om denne klokka, vart det ja med det same.

For dei som arbeidar med dette kapellet, vart det til stor glede å få

slik ei fin klokke. Og det er ikkje få 10000-år det ville kosta å få støypt ei ny. Klokka er laga i bronse og veg ca 96 kg.

Og «kyrkjeklokka» frå 1842 er også komen i sitt «rette element» der ho vil kalla til gudsteneste i Takvam kapell både i glede og sorg.

Vi vil også her gje uttrykk for ei varm takk til Arne Fabrikker for denne fine gåva. No er det ikkje berre kapellet som er særmerkt — truleg det minste i landet: inga anna kyrkje/kapell har vel ei klokke med ei slik historie?

Julekort

Framsida av kyrkjelydsbladet viser eit av julekorta med kristne motiv som Norges Kristelige Student og Skoleungdomslag gjev ut.

Korta er i fargar med mange fine motiv, og prisen er den same som for andre julekort. Inntekta av salget går til Norges Kristelige Student og Skoleungdomslag.

I Arna vil skulelaget «Onesimus» stå for salget. Dei skal stå på «stand» både i Indre Arna og på Lone. Om du vil bestilla kort, kan du kontakta:

Inger Håøy, Stølsv. 22,
Tlf. 24 03 26 eller

Bjarte Grøteide, Vollav. 41B.

I Ytre Arna kan ein få kjøpt korta på kyrkjelydskontoret i Kyrkjelydshuset.

Jubileumsfest i Ytre Arna

Bedehuset i Ytre Arna var fullt då Ytre Arna Santallag hadde 100

årsfest. Odd Bjarne Fylkesnes som er formann i laget leia festen. Johan Nyhagen var festtalar. Teksten han las var frå Hebr.13.7. Han fortalde mellom anna om då Skrefsrud var i Bergen 1882. Det vart då ei misjonsvekking som var heilt einestående.

Skrefsrud kunne talt i tre timar utan at folk vart trøytt å høyra.

Magne Teigland var i Bergen og hørde Skrefsrud. Misjonsgløden vart då tend og han starta misjonslaget same året.

Margit Nes las ei attersyn ho hadde laga.

Det var sett opp flagg på kvar side av talarstolen frå land der Santalmisjonen har sine arbeidsfelt, India, Butan, Nepal, Ecuador, Bangladesh og Mali.

Betsy Dale og Judith Hydle hadde vore med i kvinneforeninga Tusenfryd heilt frå starten 1928.

Saman med Johs. Loftås som hadde vore i styret for Santallaget i 50 år fekk dei takk og blommar.

Anne Hilde og Arve Reigstad gledde oss med sang og musikk.

Festen vart ei fin markering av 100 års jubileet.

BETANIA – NYTT BEDEHUS



Utvidinga av bedehuset Betania på Lone tok til i veka før påske, og me held no på med innreiingsarbeidet. Huset har fått eit tilbygg mot vest og nord — med full kjellar under. Grunnflata på tilbygget er like stor som grunnflata på det bygget som stod der frå før. Møtesalen, som i dag er på om lag 80 kvm, vil etter ombygginga få eit flatemål på om lag 100 kvm. Ein ny småsal i hovudetasje vil kunna nyttast i kombinasjon med møtesalen og gjera han endå større. Kjøkkenet vil få ei meir praktisk plassering på same planet som møtesalen. I kjellaren vert det rom for peisestove og eit aktivitetsrom, og begge desse vil koma vel med i det omfattande barne- og ungdomsarbeidet som i dag vert drive i Betania. I kjellaren kjem og eit heilt nytt toalettanlegg.

Det aller meste av arbeidet har vorte utført på dugnad, og det er til i dag lagt ned langt over 2000

dugnadstimar. Veneflokken i Betania har såleis vist ein framifrå innsatsvilje. Alle ser fram til å få eit større og meir tenleg hus til å driva arbeidet i. Offerviljen har og vore stor. Det er i 1982 (til midten av oktober) samla inn over 120.000 kroner. Frå før hadde me eit byggjefond på kr. 176.000, men med ein god dugnadsinnsats vonar me å koma under denne summen. Me reknar med at me i heile byggjeperioden skal kunna halda i gang den vanlege møteverksemda. Ombygginga vonar me skal vera ferdig tidleg på hausten 1983.

Dersom nokon vil hjelpa oss med å skaffa pengar til ombygginga, er vi takksame.

Gåver kan sendast til
Betania — nytt bedehus,
5230 ESPELAND
Postgiro 3 23 56 94,
bankgiro 3633.20.05760.

Magne Mestad

Årets gave?

Økonominenda for kyrkjelyds-
hus i Arna har fått laget et fat med
motiv av ARNA KIRKE.

Størrelse: 20 cm.

Motivet er utført av Arnakunst-
neren A. Brekke.

Fatet vil inneholde opplysninger
om kirkens alder m.m.

Pris: kr. 100,-

Overskuddet går til kyrkjelyds-
huset.



Ta med salmebok til kyrkje

Ved gudstenestene i Arna kyrkje er det for lite salmebøker. Vi ventar at vi skal få nye salmebøker om ikkje så lenge, og vi vil difor sjå om vi kan greie oss utan å kjøpa nye salmebøker no. Så de som har salmebøker heime, ta dei med og bruk dei ved gudstenestene!

Hørt i farten

I mylderet i folkemengden som strøymer ut fra kirken julaften, høres plutselig en barnestemme: «Mamma, hvor gjemmer de presten til neste julaften?»

Kristin Voll og Ragnar Tesdal med plate

Nyleg er det kome ei grammatonplate med tittelen «Frøet». Det er systrene Marit, Astrid og Kristin Voll og Ragnar Tesdal som står bak denne plata. Dei to sistnemnde skulle vera velkjende i Arna — dei er no prestefolk på Voss.

Plata har stor spennvidde — frå viser til gospel. Mykje av det som vert framført er laga av desse fire.

Rune Larsen har starta eige plateselskap og dette er hans første produksjon. God samklang og interessant teksttilfang var det som fekk han til å satsa på denne plata.

Kven plata vil høva for er vanskeleg å seia direkte. Fleire av tekstane krev litt omtanke.

«Midt i blinken»

Dette har flere unge sagt etter å ha lest den nye boken «Kvifor Pål» skrevet av Bente Bratlund Mæland som kom nå i høst.

Boken er «tøft» skrevet og spennende, og egner seg kanskje spesielt for deg som går på Ungdomsskolen, men også for deg som gikk der for noen år siden.

Har du hørt om musen som fikk sitte på sykkelen med elefant? Da de kom til en bakke spør musen hensynsfullt: «Skal jeg hoppe av?»

Familieside

DØYPTE

Arna sokn:

- 4/ 9: Thore Bernhard Jensen
døypd i Storetveit kirke
17/10: Jan-Tore Faugstad,
Øystein Digranes Dage-
stad,
Kristian André Fonnes.
31/10: Merethe Rolland,
Kristine Lavik, Janne
Steinsund.

Ytre Arna sokn:

- 14/11: Inger-Helene Søgner
21/11: Bjarte Gaupås, Maria
Malm Felix

VIGDE

Arna sokn:

- 9/10: Godtfred Anfinn Sæle og
Linda Friborg Bøe.
Vigde i Austrheim.

- 16/10: Magne Rune Herfindal
og Lolita Nordbø
22/10: Geir Chruickshank
og Anne-Bente Brandal
23/10: Helge Sunde og
Solrun Beate Dolvik
23/10: Jan Jensen og Kari
Tunestveit. t.
29/10: Otto Berg og Reidun
Vedvik
6/11: Leif Arthur Kvam og
Marie Gjerstad

DØDE

Arna sokn:

- 11/10: Trygve Anthun f.1922
15/10: Sigurd Gjesdahl f.1902
19/10: Brita Røthe f.1903
20/10: Knut Horvei f.1913
22/10: Søren Tyssedal f.1893
26/10: Gjertruð Hausevik f.1900

Ofringane i Kyrkjelydane


ARNA:

- 17/10: Norsk Lærer-
akademi kr.1.406
24/10: Kyrkjelyds-
arbeidet kr.1.852
31/10: Bjørgvin
Bispedøme-
råd kr.1.374
7/11: Norges kristelige
student og
skoleungdoms-
lag kr.1.492

YTRE ARNA:

- 17/10: Norsk Lærer-
akademi kr. 808
24/10: Santal-
misjonen kr.2.114
31/10: Forskuttering
av høreanlegg
i kyrkja kr.1.035
14/11: Menighets-
fakultetet kr. 960

Presten har ordet



Øystein Øy

Gudsteneste for alle

Gudstenesta er naturlegvis alltid open for alle. Men når vi tar opp spørsmålet denne gongen, er det med tanke på nokre av dei grunnane som gjer at ein del kvir seg for å gå til kyrkje.

1. Høyretilhøva.

Ein del eldre går ikkje til kyrkje fordi dei høyrer dårleg, men Arna kyrkje har eit godt høyreanlegg som gjer at dei som brukar høyreapparat får gode høyretilhøve i kyrkja. Dessutan har ein høyrestavar som kan nyttast av dei som ikkje har høyreapparat. I Ytre Arna vert det arbeidd med å forskotere midlar til innkjøp av høyraanlegg.

2. Tilgangen til koret.

Dei som har vanskeleg for å gå opp trappa til koret, kan støtta seg til rekkverket som no er sett opp på høgre sida av kordøra i begge kyrkjene.

3. Deltaking i nattverden.

Vi har snakka med ein del som ikkje kan vere med ved nattverden fordi dei ikkje kjem seg opp i koret eller fordi dei ikkje kan knele ved altarringen. Dei som ikkje kan kome fram til altaret, kan sette seg på første benken og få nattverden utdelt der. Oppe i koret har vi stolar, så den som ikkje

greier å knele, kan sitte. Det er heller ingen ting i vegen for å ta imot nattverden ståande.

4. Rullestolbrukarar.

Arna kyrkje har ikkje trapp ved hovuddøra, så dei som nyttar rullestol, kan lett koma inn i kyrkja. I Ytre Arna kyrkje er det planar om å lage ein rampe for rullestolbrukarar ved ei av sidedørene.

5. Å reise seg i gudstenesta.

I gudstenesta reiser vi oss og står fleire gonger. Det er ikkje noko i vegen for at dei som har vanskeleg for å reise seg eller for å stå lenge, kan sitte når dei andre reiser seg.

I tillegg til desse praktiske ordningane er det minst like viktig at vi er opne for at vi ikkje treng å innrette oss på same måten alle, når vi er i kyrkja. Dei fleste kjenner seg i byrjinga litt brydde når dei skil seg ut frå dei andre. Men etter kvart vil vi sjå kor rett det er at vi kan vere saman i kyrkja sjølv om vi ikkje følgjer det same mønsteret.

MØTE


Arna Bedehus

1.-5. des. Møteuke for Den Indre Sjømannsmisjon. V/Olaf Ro og Evy Evanger.



REDAKSJONSNEMNDA
YNSKJER ALLE
LESARANE
EI GOD JULEHELG
OG EIT GODT
NYTTÅR

BARNESIDE



Engler på bordet

Disse englene kan du lage og bruke enten til pynt på bordet, i vinduet eller et annet sted. De er laget av kartong, vattkuler, gullgarn og gullfolie.

Klipp englekroppen etter mønster. Lim den sammen til et kremmerhus. Klipp vinger av kartong og lim dem på kremmer-

huset. Tegn ansiktstrekk med tusj på vattkulen. Lag hår av gullgarn og lim det på hodet. Klipp en glorie av gullfolie og kleb den i nakken eller på hodet på engelen. Spissen av kremmerhuset dyppes i lim og stikkes opp i hullet på vattkulen, på den måten sitter hodet som det skal.

Til slutt pyntes engelen med ulike selvklebende motiver som hjertes, stjerner, osv.



JULEKONSERTANE

12. desember kl. 19.00

Julekonsert Ytre Arna kyrkje

Arna Musikforening
Haukeland Songlag
Unnelandkoret
Blåsegruppe

Ytre Arna barnekor
Ytre Arna kyrkjekor
sokneprest Øy
Kollekt.

5. desember kl. 18.00

Julekonsert Arna kyrkje

Musikklaget Janus
Haukeland Songlag
Unnelandskoret

Tre fellesnummer og ein avdeling for kvar.

12. desember kl. 19.00

Julekonsert Arna kyrkje

Arna kyrkjekor
Gullfjellet trekkspillklubb
Lone skulemusikk, Garnes skulekorps

17. desember kl. 18.30

Julespel Arna kyrkje

Rostadheimen oppfører evangelisk middelalderspel.

19. desember kl. 19.00

Julekonsert Arna kyrkje

Arnavågen musikklag
Tunes og Trengereid skulemusikk.

Barne- og ungdomsarbeid i Arna Bedehus

«Barnerøster»

Kvar tysdag kl. 17.00 samlast 30-40 song-glade barn frå 4 år og oppover i Arna Bedehus. Interesse er stor hos dei små, uansett ver og vind kjem dei. Mange har vore med frå starten for 3 år sidan.

Dei fleste tysdagane er det song-øving, men inni mellom er det kosekveldar med bollar og brus, utkledding (som er svært populært), songleikar og konkurransar.

«Barnerøster» (som me heiter) likar og å syngja for andre, difor har me songe på familiegudstenester, eldretreff og andre tilstellingar. Familiesamlingar prøver me og å få til, og me tykkjer det er kjekt når sma og store, unge

og gamle kjem og høyrer oss syngja og kosar seg med oss. Det er berre eit lite minus: koret er som regel dobbelt så stort på dei vanlege øvingskveldane, difor ynskjer me at alle prøver å vera med når me skal «opptre» for andre.

Har du lyst å vera med oss er du hjarteleg velkomen!

Alle saman ynskjer me det som me syng i ein av songane:

Jesus kom inn, Jesus kom inn.

Kom inn i mitt hjarta Jesus.

Kom inn bli der, vær alltid nær.

Kom inn i mitt hjarta Jesus.

Helsing

Indre Arna «Barnerøster»

Yngstes

Vi har møter i Arna Bedehus hver tirsdag fra kl. 18.00 til ca. kl. 19.00. Det er en stabil og trofast flokk gutter og jenter i alder 2 t.o.m. 5. klasse som møter opp hver uke. I høst har det vært en flokk på 18-20 stk., men vi har god plass til flere om noen skulle ha lyst å komme.

Hva gjør vi så på alle disse tirsdagene? Jo, det er nokså varierende, fra bollefest, filmkveld, misjonskveld, hobbykveld og til vanlige medlemsmøter og tema-kvelder. Vi har også vært hjemme hos en av lederne og hatt det kjempekoselig. To kvelder i høst har vi kalt «jentene har programmet», og «guttene har programmet», og det var svært vellykket.

På misjonskvelden i dette semesteret, hadde vi besøk av to fra NMS. Det var en veldig fin kveld der vi fikk se på klær og ting fra misjonsmerkene, og fikk lagt frem misjonsoppgavene på en enkel og forståelig måte. Etter jul får vi besøk fra Santalmisjonen, og det gleder vi oss til.

Ellers kan jeg nevne at hobbykveldene har vært svært populære. I høst laget vi bilder og blader i høstfarger, festet på farget papir, og det var bare helt imponerende å se de fantasifulle og nydelige resultatene. Nå når det nærmer seg jul, har vi også en kveld der vi lager advent/julepynt.

Har du riktig alder, så stikk innom og se hvordan vi har det.

Hilsen Laila Unneland

Yngres

Hver tirsdagskveld samles 10-15 ungdommer i alder fra 6. klasse og oppover på «loftet» i Arna Bedehus fra kl. 19.00 og utover.

Her har vi hatt foruten andakter og konkurranser, også bollefest og filmkveld. Vi har fått en del spill som vi har brukt en del av kveldene. Kakeotteri står også på programmet, og en ny filmkveld er planlagt før jul. Et par kvelder med tittelen: «Hjemme hos....» blir også i neste semester. Da drar

vi hjem til en leder eller noen andre, koser oss, og opplever fellesskapet på en litt annen måte enn ellers. I det hele tatt legger vi mye vekt på fellesskap, og planlegger programmet så «romslig» at vi får tid til å prate sammen, og der alle som har lyst kan være med.

Har du tid og lyst, er du velkommen til å være sammen med oss.

**Hilsen
Jostein Svalland**

ADVENT

Nå tenner vi det første lys

Eller mel.: Jeg folder mine hender små.

Nå tenner vi det første lys,
alene må det stå.
Vi venter på det lille barn
som i en krybbe lå.

Nå tenner vi det andre lys,
da kan vi bedre se.
Vi venter på at Gud, vår Far,
vil gi sin sønn hit ned.

Nå tenner vi det tredje lys
det er et hellig tall.
Vi venter på at Kongen vår
skal fødes i en stall.

Nå tenner vi det gjerde lys,
og natten blir til dag.
Vi venter på en Frelsermann
for alle folkeslag.



Kyrkje- nytt i ARNA



ARNA:

—Kyrkjelydstreffa -som er det «nye» denne hausten- har samla godt med folk. Ein har lagt vekt på å finna ei anna og meir «inkluderande» møteform, og det synest å ha verka fint.

—Alle konfirmantane har fått vera med i konfirmantgrupper og så dette året. Det såg ei tid vanskeleg ut for dei på Haukeland/Lone, men fleire konfirmantforeldre har opna heimane sine og så har ein gruppeleiarar frå andre delar av Arna.

Konfirmantane er med på 6 gruppemøter tilsaman.

—Loftet på Borgstova er no ferdig oppussa. Unge vaksne har teke det i bruk, og dei samlar vel 20 til møta sine.

YTRE ARNA

Av kommunen har vi dette året fått pengar til nye stolar i dåps-sakrestiet og prestesakrestiet. Dessutan til opplysningstavle utanfor kyrkja.

Dei to studentane som er med i kyrkjelydsarbeidet, er med og driv «skulelaget» i Kyrkjelydhuset og elevar i ungdomsskulen. Dei siste møta har samla rundt 30 ungdomar.

Dei har også starta ein gutteklubb i Kyrkjelydhuset for gutar i 3. - 6. klasse. Dei vil m.a. driva med hobbyarbeid. Første møtet samla 40 gutar.

KYRKJELYDSKULEN

Dei to kursa er no avslutta med bra deltaking. Flest var med på kurset om: «Tru, tvil og kristenliv» i Ytre Arna.

Deltakarane har sett pris på dess samlingane der det vert lagt mykje vekt på samtale i grupper og plenumssamtale der ein kan komma med egne tankar og spørsmål.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydhuset, Peter Jepsensv. 39: Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Audun Rønhovde, Evy Bjerga, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 1: 20.12.

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 115 år.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
lå reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje



5. DES.

Arna kl. 11. Sjukehusprest Audun Tang. Nattverd. Offer til dei fire diakoniinst. Sundagsskule.

Ytre Arna kl. 19.00. Lysmesse. Offer til Student- og skoleungdomslag. Arna Ten sing. Res.kap. Sundsbø.

Trengereid kl. 11. Res.kap. Sundsbø.

Unneland kl. 16.30. Lysmesse. Res.kap. Sundsbø.

12. DES.

Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

Ytre Arna kl. 11.00. Prost Stormark. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Ytre Arna kl. 19.00. Julekonsert.

19. DES.

Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy.

24. DES.

Arna kl. 14.30. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Arna kl. 15.30. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy og kateket Harald Haugsvær. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Arna kl. 16.30. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Ytre Arna kl. 15.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Ytre Arna kl. 16.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

25. DES.

Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/ res.kap. Sundsbø. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

26. DES.

Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.

Trengereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

31. DES.

Arna kl. 23.15. Sokneprest Øy. Offer til Ungdomsarbeidet.

Ytre Arna kl. 23.15. Res.kap. Sundsbø.

1. JAN.

Arna kl. 11.00. Godtfred Haugland.

2. JAN.

Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy og Ingmar Ljones. Nattverd.

Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø og Olav Hesjedal. Nattverd.

9. JAN.

Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.

Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy.

16. JAN.

Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.

Trengereid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.